

Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 4 - september 2017 49. årg.




Bjødnalifolket

side 9



Salmekveld

side 19



Reformasjonen - 500 år

side 12



Julemesser

side 14

Bryne - Time - Undheim sokn

Kyrkjekontoret tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne
heimeside: <http://www.time-kyrkja.no>
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no
telefaks tlf. 51 77 03 60
Prost: Kjell Børge Tjemsland tlf. 416 38 048
Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222
Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 48 89 69 19
Diakon: Jofrid Aarsland Mikalsen tlf. 48 89 72 32
Sekretær Bryne sokneråd: tlf. 51 77 03 64
Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 77
Sekretær: Inger-Kathrine Kjølleberg tlf. 906 43 758
Assisterande kyrkjevevje: Siri Vik tlf. 962 32 582
Vikar kyrkjev.: Gunnar Jansen Bjorland tlf. 962 32 582
Kyrkjevevje: Olav Vegard Søyland (Sjukmeldt)

Time
Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847
Organist: Oddny Underhaug tlf. 900 11 178
Trusopplærar Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872
Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62
Kyrkjetenar helg: John Ingve Olsen tlf. 481 56 048
Soknerådsleiar: Willy Finnbakk tlf. 913 86 545
Dagleg leiar Time: Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64
Klokkar: Olav Njølstad Egeland tlf. 51 48 32 84
Time kyrkjegard

Bryne
Heimeside <http://www.brynekyrkja.no>
Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105
Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708
Trusopplærar Kristine Åsbø (permisjon) tlf. 950 20 920
Barne- og ungd.arbeidar Marion Lende tlf. 904 16 888
Klokkar: Leif Andenes tlf. 909 93 176
Soknerådsleiar: Ola Undheim tlf. 908 58 793
Dagleg leiar Bryne: Bjørn Inge Hauge tlf. 481 27 481
Kyrkjelydsmedarb.: Johannes Kleppe tlf. 951 42 602
Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62
Kyrkjetenar helg: Karin Sofie Ersdal Olsen

Lye forsamlingshus
Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>
Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847
Leiar fors.styret: Liv Heidrun Heskestad tlf. 905 69 189

Undheim
Heimeside <http://www.undheimkyrkja.no>
Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20
Sokneprest: Johannes Nedrelid tlf. 926 55 645
Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346
Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560
Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandsmark tlf. 959 29 283
Dagleg leiar Undheim: Steinar Sandvik tlf. 400 07 909
Ungdomsarbeidar: Kjellaug Wold

Besøk vår nettside:
www.time-kyrkja.no
E-post sokneråda:
Time sokneråd: time.soknerad@time-kyrkja.no
Bryne sokneråd: bryne.soknerad@time-kyrkja.no
Undheim sokneråd: undheim.soknerad@time-kyrkja.no

Foto framside: "Sopp", av Olav Nymoen

Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.
Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland, Reidun Jane Heskestad, Arnfinn Vigrestad og Knut Aalgaard.
Layout: Knut Aalgaard.
Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.
Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@lyse.net innan 16. november.
Neste nr. kjem ut ca. 7. desember 2017.

Til ettertanke

«...Ei helsing til 60-årsdagen vart ord som tok følgje gjennom sommaren.»

Rotfeste og forankring

Ei helsing til 60-årsdagen vart ord som tok følgje gjennom sommaren. Frå profeten Jeremia (17,7-8):
Velsigna er den mann som stolar på Herren og set si lit til han. Han er lik eit tre som er planta attmed vatn og strekkjer røtene mot bekken. Det fryktar ikkje når heten kjem, lauvet er grønt. Det engstar seg ikkje i tørketider og held ikkje opp med å bera frukt.

Eg treng dette. Mennesket treng det. Å vera rotfesta. Å få næring. Som omvisaren på «Flor & Fjære» sa det om paradishagen på nordvestsida av Sør-Hidle. «Me sørgjer for at plantene får vatn og mat, så veks og blømer dei».

Det ligg eit ønskje djupt i menneskelivet. Eg trur det er endå større enn å bli beundra, sett og likt. Det er å bera frukt. Vera til glede. Bety noko for andre, og for nokon spesielt. I dette vil me ikkje vera utan frukter, tørka ut, visna, gå tome, ikkje ha noko å gje og bety. Profeten visste at dette handlar om nær



Stein Ødegård

kontakt med næringskjeldene. At det berekraftige livet og den beste garantien for frukt, er å leva nær sin skapar, stola på han, leva i tillit til han. Mi erfaring er at den tilliten veks når eg søker han, når eg får djupare kjennskap til han, når eg undrar meg over hans nåde og kjærleik, når eg spør om hjelp og bed Jesus visa vegen og gå han med meg.

Å vera på gudsteneste på sundag opnar opp for alt dette, plantar treet attmed vatn, gjev rotfeste og formar frukter som andre enn me sjølv sansar. Kom til kyrkje! Det er ei gåve for deg og andre. Rotfeste og forankring av livet.

Lite tyder på at me vil ha mindre bruk for dette. Me kan ikkje vita kva utviklarane i den store digitale verda etterkvart vil oss og formar oss til. Men me kan stola på den helsinga som også står i Jeremiaboka 29,11:
«For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren, fredstankar og ikkje ulukketankar. Eg vil gje dykk framtid og von».

Rotfeste gjev frukt.

Stein Ødegård

Min salme

Hvilken venn vi har i Jesus

Hvilken venn vi har i Jesus, alt han vet og alt formår, tyngste byrde han oss letter når i bønn til han vi går.

Akk men titt vår fred forstyrres, sorg og møyе blir vår lønn, alt fordi vi ikke bringer, alle ting til ham i bønn.

Blir du fristet eller prøvet, synes livets kamp deg hård, aldri skal du miste motet når i bønn til Gud du går.

Selv om kjærest venn deg svikter, aldri svikter deg Guds sønn. Han kan hjelpe, han kan trøste, tal til ham om alt i bønn.

Er ditt hjerte fullt av uro, tror du trengsler forestår, Jesus er den beste tilflukt når til ham i bønn du går.

Bedre venn kan ingen finne enn Guds egen kjære sønn, bær i gleden som i sorgen, alle ting til ham i bønn. Tekst: Joseph Scriven (ca. 1855) Melodi: Charles Crozat Converse (1868)

Jeg ble født på Gya i Gyadalen der jeg hadde en trygg oppvekst, forankret i kristen tro. Jeg var med mine foreldre i kirken, bedehuset og i husmøter. Jeg likte best bedehuset på Helleland. Det var ikke så mange ungdommer der, men jeg likte atmosfæren og de kjente kjære sangene og salmene vi sang. Nå står bedehuset, ved elven så ensomt og fraflyttet. Det er noen år siden sang fylte rommet der.



Venche Gya

«...Og det som jeg legger mest vekt på i denne salmen er ordene “Han kan hjelpe, han kan trøste, tal til ham om alt i bønn!”»

Til Bryne kom jeg som 17 åring og begynte i butikken hos “Eiden på torget”. Jeg ble kjent med mange, men fant ingen tilhørighet i de kristne miljøene her. Det var vanskelig å komme inn i dem, men jeg bevarte min barnetro. Uten denne sterke troen ville det vært vanskelig da livet ikke alltid ble så lett.

Så ble jeg med i koret Jærklang. Endelig fant jeg den samme tilhørigheten og tryggheten jeg husker fra barndommen, et unikt og sterkt fellesskap. Jeg fikk tilbake mange av de fine sangene og salmene jeg husker så godt. I tillegg var det også nye flotte tekster og toner. Jeg får sterke opplevelser når vi er ute og opptrer eller på øvelsene når vi fremfører disse. Tekstene blir så tydelige når vi formidler disse i koret. Derfor var det vanskelig da jeg skulle velge ut en salme. Det var så mange jeg syns er spesielle og flotte. Men så, en tidlig morgen før klokken var sju, fikk jeg en melding på facebook. Jeg åpnet den og så det var fra en venninne. Hun sendte meg en salme på morgenkvisten: “Hvilken venn vi har i Jesus”. Da jeg leste gjennom den denne tidlige morgenen, visste jeg at jeg hadde fått min salme.

Og det som jeg legger mest vekt på i denne salmen er ordene “Han kan hjelpe, han kan trøste, tal til ham om alt i bønn!”

Venche Gya

Miljø, møteplass og misjon



NMS Gjenbruk Bryne

Parken senter Inngang ved hjørnet til Saronsbråtet og Meierigata

måndag-fredag 10.00 – 17.00 laurdag 11.00 – 15.00

Vi tar imot og sel:

Møblar, kjøkkenutstyr, bøker, maleri, leikar, pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna. Vi tar også imot stumpar av stearinlys
Telefon 400 37 151



FRETEX butikk Bryne

Parken senter Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken og Meierigata

måndag-fredag 10.00 – 17.00 laurdag 11.00 – 15.00

Vi tar imot og sel:

Klede, kjøkkenutstyr, maleri, bøker, møblar, pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna. Telefon 922 09 638

Herrens bøn (Fadervår)

«Herre, lær oss å be!» Slik lydde spørsmålet frå læresveinane ein gong dei kom til Jesus. Spørsmålet deira er eit uttrykk for ei røynsle mange vil kjenne seg att i. Korleis skal eg be?

Eg finn ikkje dei rette orda. Eg kjenner meg tom når eg skal venda meg til Gud. Og dei orda eg nyttar i bøn, kjem ofte som ei lang oppramsing av ord eg ikkje heilt får tak i sjølv. Trongen etter å få be slik at både eg og orda løftar både meg og bøn opp til Gud, det er ein lengt som bur i den som ber. Slik var det òg for læresveinane, og på vegner av oss alle kom dei til Jesus med spørsmålet: «Herre, lær oss å be!» Svaret dei fekk på spørsmålet, er Herrens bøn. «Slik skal de be», seier Jesus.

Berre for å ha sagt det innleiingsvis. Det er ikkje noko gale med fri bøn. Langt ifrå. Kvart menneske som kjem fram for Gud med alt det det har på hjartet, følgjer ei anna oppmoding i Bibelen, nemleg den Paulus skriv om i brevet til Filippa-rane 4,6: «Ver ikkje urolege for noko! Men legg alt de har på hjartet, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseiing.» Likevel er det ei stor lette at me har fått ei bøn som me kan

kvila i. Kvart ord me kan nytta i bøn er gjeve oss av Herren sjølv. Han har sagt at me skal be slik. Det er ei gåve. Herrens bøn er ei stor gåve til kvart menneske som bed, og ei gåve til fellesskapet av alle som bed. Når det er gjeve lovnader til bøn som to og tre vert samde om å be, kor mykje meir er det ikkje då grunn til å venta at Herren ein dag skal oppfylla det me bed om i Herrens bøn? Denne bøn som vert beden rundt omkring av menneske over heile jorda, på alle tungemål, til ei kvar tid. Det er ein stor og mektig tanke dette at det til ei kvar tid, kvart sekund av døgeret, utan opphald stig opp eit stort kor av Fadervår til himmelen. Berre tanken på dette store og mektige bønekor er ein forsmak på himmelen. Det er ingen ord i Bibelen som vert så mykje nytta, som så mange menneske verda rundt kan utanboks, og som er så utbreidd i praksis som Herrens bøn.

I Helgedagen har vi nå ein serie om Herrens bøn eller Fadervår. Bøna er kyrkja si felles bøn til Faderen. Ei bøn me bed ilag med heile kyrkja og som me som einskildpersonar kan kvila i. Her kjem neste del.

Sjuande bøn:

«Men frels oss frå det vonde.»

Kva tyder det?

- Når vi bed Far vår i himmelen frelsa oss frå alt vondt, tek vi med alt som gjeld kropp og sjel, eigedom og ære. Og vi ber om at han , når vår siste time kjem, i sin nåde må ta oss ut or denne verda, som er så full av sorg, og føra oss heim til seg i himmelen.

(Den vesle katekisma, Norsk Salmebok s1284)

Ein mann kom til meg og fortalde at han hadde høyrte ei preike om forskjellen mellom det vonde og det onde. «Kvifor ber me: Frels oss frå det vonde, og ikkje som på bokmål, frå det onde,» spurde han Ofte tenkjer me slik: Ikkje alt vondt er ondt. Til dømes kan det gjera vondt å trenar hardt, men ondt er det ikkje. Når du kjenner stikken frå vaksinesprøyta gjer det vondt, men det er ikkje ondt. Me tenkjer at ikkje alt som gjer vondt spring ut av ein ond vilje.

No seier ordlista mi at ondt og vondt på bokmål er synonym som kan brukast om kvarandre. På nynorsk brukar me berre vondt. Dette svarar til kva Luther skriv i katekisma. Me ber om ein frisk og rørleg kropp, om eit sinn utan redsle og svartsyn. Me ber om å få ha det me eig i fred, og om vit til å bruka det til beste for

nesten og oss sjølve. Me ber om at ryktet vårt må vera godt og til ære for oss. Bøna vår omfattar både at Gud varar oss frå alt som skadar og gjer vondt, og frå vonde menneske og den vonde sine angrep på oss, angrep som er meint å skada oss.

Ei formulering frå kyrkjebøna skapar spenning. Der takkar me Gud, som gjennom kors og trengsle oppdrar oss for sitt rike. Det er ikkje lett å koma til rette med dette. Det kan jo bety at Gud legg kors og trengsle på oss for at me skal læra. Men det kan og bety at Gud, når me opplever kors og trengsle, tar oss i vare, så me ikkje svarar vondt med vondt. Eg heller nok mest til det siste. Mykje vondt møter oss, og me ber, frels oss frå det vonde. Me ber, la ikkje vondsken overvinna oss slik at me blir vonde. Ikkje sjeldan møter eg orda: Det var nok ei meining med det. Bakom ligg ei erkjenning av at Guds vegar er større enn mine vegar, at Gud kan ha ein veg der eg ikkje ser nokon veg. Men dette må ikkje få oss til å tenkja at vondt er godt. Det vonde som hende er vondt, sjølv om Gud skulle finna ein veg for deg gjennom det vonde. Som kristne har me alltid ei plikt til å stå opp mot det vonde. Me ber om mot til å reisa oss mot vondsken, og om vilje til å koma med trøyst og hjelp der vondsken rår.

Katekisma lærer oss at himmelen er vårt eigentlege mål. Når me ber: frels oss frå det vonde, er det framfor alt fortapinga me ber om frelse frå. Me ber at Far må halda oss faste i tru og tillit til Jesus, i livet, gjennom døden og inn i æva. «Og vi ber om at han, når vår siste time kjem, i sin nåde må ta oss ut or denne verda, som er så full av sorg, og føra oss heim til seg i himmelen.»

Gunnar Frøyland



Foto: KAA

Herrens bøn (Fadervår). Bøna er retta mot første personen i Gud, Faderen

I 1764 skreiv Hans Adolph Brorson salmen «Jeg går i fare hvor jeg går». Salmen står der som ein spegel. I den spegelen ser me kvifor Jesus lærte oss å be: Frels oss frå det vonde.

*Jeg går i fare hvor jeg går;
min sjel skal alltid tenke
at Satan alle vegne står
i veien med sin lenke.
Hans skjulte helvedbrann
meg lett forville kan
når jeg ei på min skanse står.
Jeg går i fare hvor jeg går.*

*Jeg går i trengsel hvor jeg går;
mot synden skal jeg stride;
om Gud med korsets ris meg slår,
skal jeg tålmodig lide.
Titt ingen vei jeg ser
hvor jeg kan vandre mer,
når motgangs tåke om meg står -
jeg går i trengsel hvor jeg går.*

*Jeg går til døden hvor jeg går;
og aldri er jeg sikker,
for før jeg vet det, klokken slår
og døden bud meg skikker.
Et lite åndefang*
kan ende all min gang,
så jeg i evigheten står -
jeg går til døden hvor jeg går.*

*Jeg går blant engler hvor jeg går;
de skal meg vel bevare,
slett intet Satans makt formår
mot slik en himmelskare.
Bort verdens sukk og sorg,
jeg går i engleborg,
og ingen rører meg et hår -
jeg går blant engler hvor jeg går.*

*Jeg går med Jesus hvor jeg går;
han har meg ved sin side,
han leger meg med sine sår
og hjelper meg å stride.
Hvor han sitt fotspor lot,
der setter jeg min fot,
om enn meg all ting ille spår -
jeg går med Jesus hvor jeg går.*

*Jeg går til himlen hvor jeg går;
frimodig da, mitt hjerte!
Kun dit hvor du en ende får
på all din synd og smerte!
Bort verdens lyst og prakt,
til himlen står min akt!
All verdens eie jeg forsmår -
jeg går til himlen hvor jeg går.*

Herrens bøn - “Vår far”

Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldningar.

Og lat oss ikkje koma i freisting, **men frels oss frå det vonde.**

For riket er ditt og makta og æra i all æve.

Amen.

Glade Kenya-fararar



Markus Urstad og Silas Birkeland

Markus Urstad og Silas Birkeland skulle begynna i 7. og 5. klasse i august, men dette året vart ikkje skulestarten som før - på Rosseland skule. Etter to veker tok dei pause frå Rosseland og fór langt av garde, heilt til Nairobi i Kenya! Der skal heile familiane deira vera i 3 månader. Dette har dei visst sidan juletider, og spenninga er stor!

Helgedagen fekk møta dei to spente og smilande gutane ein ettermiddag 2 veker før skuleslutt i juni. Markus og Silas trur dei har kjent kvarandre i 10 år, og familiane deira er omgangsvener. Det er 3 born i begge familiane, på om lag same alder. Nå skal desse to familiane vera 3 månader i Kenya, og gutane er så oppglødde over det som er i vente. Gleda var stor då dei fekk vita at dei fekk plass på familiebibelskolen i Nairobi. Det er berre plass til om lag 10 familiar, så dei var heldige!

Me lurar på korleis dei kom på dette, og dei fortel at det var gjennom kjende på Saron. På Facebook og nettstader fann dei meir opplysningar som dei vurderte, og så søkte dei. Gutane presiserer at dette ville heile familien, alle vil gjera dette saman.

Dei slepp ikkje skulen om dei reiser. Dei skal gå på skule i Kenya, og dei skal halda kontakt med Rosseland skule også. Men det blir heilt annleis likevel, til dømes språket. Sjølv om der er norsk skule, treng dei å kunna engelsk – og helst litt swahili, som er det lokale språket. Dei har fått seg swahili-app på telefonen, og har alt lært seg litt på dette språket. På appen kjem ord og vendingar både skriftleg og med uttale. – Jambo tyder hallo!

Kva gleder dei seg mest til? I alle fall dei ville dyra! Der er ein elefantbarneheim i nærleiken, og Silas gleder seg til ape-

kattane! Dei trur dei får det spennande og kjekt. Familiane får vera meir i lag, dei får læra meir om Jesus, og dei håpar at dei får fortelja om alle inntrykka frå Kenya når dei kjem heim att. Dei skal forresten halda kontakt med klassane sine på Skype, så klassekameratane blir informerte undervegs.

Dei gruer seg nok litt for somme ting òg, til dømes å sjå fattigdom på nært hald. Men dei ser fram til å få sjå korleis det er å vera misjonær. Dei skal få vera med på gudstjenester langt frå der dei skal bu, og sjå og oppleve song og dans på afrikansk vis.

Det kostar å reisa, så det vart lite ferie og meir jobbing denne sommaren. Mange sprøytestikk med vaksine har det blitt, men det er verdt det, synest dei. – Dette er ei oppleving for livet! Me gleder oss veldig!

Siste: Gutane og familiane deira er vel framme i Kenya! Oppstarten på ny skule har gått fint. Det var spennande å treffa dei andre familiane som skal vera der saman med dei, og dei har allereie fått nye venner!

Dersom du vil vita meir: teftfamilie@nlm.no

Tekst og foto: LHH

Fakta:
TeFT – Tent For å Tene
– Familiebibelskule i
Kenya, NLM
Tid saman og tid med
Gud

**3-månaders bibel-
skule (haust og vår) for
barnefamiljar, første
kull ferdig våren 2017**



Markus og Silas gleder seg til Afrika-turen



Björg Egeland Løkken

I Bryne kirke har vi to gudstjenestegrupper som er med på å forberede gudstjenester sammen med presten, hver gruppe to ganger i halvåret.

Jeg kom til Bryne for 4,5 år siden og ønsket en tilknytning til menigheten. I utgangspunktet kjente jeg ingen. Etter en tid, da soknepresten vår, Stein Ødegård, etterlyste flere deltakere til gruppene, meldte jeg meg og kom til å kjenne meg mer inkludert. At det ble gudstjenestegruppe framfor andre aktiviteter, har nok med min bakgrunn å gjøre. Jeg har vært klokke i Oslo og i Eidsvoll prestegjeld for temmelig mange år siden. Nå er situasjonen i gudstjenestene en helt annen enn den gang. Da var det bare prest, klokke og kirketjener som ledet gudstjenestene.

Hva det betyr for meg å være med i gudstjenestegruppe

Det fineste ved å være med, er at jeg får et slags eierforhold til gudstjenesten, litt annerledes, og utover det verdifulle å sitte ned og lytte. Før disse gudstjenestene kommer vi sammen til ett møte. Oppgavene blir fordelt. Deretter leser vi høyt tekstene for søndagen og samtaler om dem med fokus på prekenteksten, og vi kommer med innspill til presten. Noen ganger kjenner vi igjen våre tanker når presten taler den påfølgende søndag, andre ganger ikke.

For meg er det kanskje bibeltekstene som har størst betydning. Nynorsk er ikke det mest naturlige for meg, ut fra min opprinnelige stavangerdialekt. Men jeg synes nynorsk er flott og klangfullt. Før gudstjenesten må jeg lese teksten hjemme om jeg skal formidle den, og det er ikke bare på grunn av språket. Først og fremst må jeg prøve å finne ut hva bibelteksten vil uttrykke, og ikke minst la den tale til meg, bety noe i mitt eget liv.

Når jeg får være med og dele ut nattverd, er det med ærefrykt. Brødet og vinen i nattverdmåltidet gir oss vel mer enn vi kan fatte. Jesu nærvær på en helt spesiell måte.

Det er mange oppgaver i forbindelse med gudstjenesten, noen mer synlige enn andre. Vi som er med, er forskjellige og ønsker gjerne å delta på ulike måter. «Men hver for oss er vi hverandres lemmer».

Før gudstjenesten begynner, møter vi tidlig i kirken og har en gjennomgang. Så kan det bli slik at:

«... Gud er her
og trer mennesker inn på benkerader
som kostelige perler
og alt er stille
bristende komme.»

fra diktet «Klokke», INTERLUDIUM, 1971

Björg Egeland Løkken

Dei som flytta frå Bjødnalio



Her er siste generasjon som vaks opp i Bjødnalio. Søskenflokket er samla fleire tiår etter at dei flytta til Telemark. Bak frå venstre: Olava Kolstad, Fanuel Bjørneli, Ragna Haugen. Framme: Ane Sofie Fosse, Alethe Seland, Inga Skauen og Anna Bommen. (Foto levert av Grethe Irene Hovden Døvik, barnebarn til Inga Skauen)



Ingrid Elise Bommen Hauan er barnebarn til Ola Rasmussen Bjørneli og Anna Fanelsdatter Bjørneli

Ingrid Elise Bommen Hauan (81) bur på Bekkestua i Bærum, men ho har eit spesielt forhold til Bjødnalio på Undheim.

Ved eit arrangement i Oslo i vår kom eg heilt tilfeldig i snakk med henne. Då ho ved lunchbordet hørte at eg var frå Bryne, spurte ho om eg visste kor "Bjørnelien" er. Det kunne eg bekrefte og sa at der har eg vore på tur mange gonger. - Moren min vokste opp i Bjørnelien, fortalte ho så.

Dette syntes eg var svært interessant. Eg hadde lurt litt på

på kvifor dei alle flytta austover. Og nå ville eg gjerne vita meir om dette og korleis det gjekk med dei. Seinare har eg hatt litt kontakt med Ingrid. Ho har sendt meg ymse stoff som avisutklipp, slektstavler og bilete. Redaksjonen i Helgedagen bad meg laga ein artikkel, og eg sende henne



Grethe Irene Hovden Døvik (t.h.) heime hos Ingrid på Bekkestua. Grethe Irene er tippoldebarn til Fanuel Svensson Eidland og har samla stoff og bilete om sine forfedre i Bjødnalio

nokre spørsmål. Seinare fekk eg besøke henne og mannen på Bekkestua, der også ein slektning, Grethe Irene Hovden Døvik var med. Ho hadde med ei fotobok med interessante stoff om slekta frå Bjødnalio.



Bjødnalio september 2017. Murane og den fine vollen vitnar om at det ein gong budde folk her



Først eit tilbakeblikk: Det var ein kjend heiagjætar, Fanuel Svensson Eidland (1831-1892) som busette seg og opparbeidde gard i "Bjørnelien" etter at han gifta seg i 1854. Kona, Ane Torgersdatter Salen, fødte 15 barn, men ho døde berre 44 år gamal i 1876. Også fleire av barna døde unge i Bjødnalio. Fanuel gifta seg seinare med Ingeborg Larsdotter Fodtland som døde i 1885, og for tredje gong med si første svigerinne, Talette Torgersdotter Salen. Fanuel overlet Bjødnalio til dottera Anna og svigersonen Ola Rasmussen etter at han sjølv kjøpte gard på Sæland. Ola Rasmussen Bjørneli (1857-1923) og Anna Fanuelsdatter Bjørneli (1856-1916) fekk 6 døtre og ein son. Ingrid og to søsken er dei einaste barnebarna som lever etter Anna og Ola som flytta frå Bjødnalio.

Mora di, Anna Olsdatter Bjørneli, budde i Bjødnalio til ho var 19 år. Fortalte ho mykje om denne tida?

- Hun vokste opp der, og i flere år, frem til hun ble konfirmert, var hun i Skien for å gå på menighetens skole. Så drog hun hjem til Jæren. Der bodde hun sammen med foreldrene og en bror i Bjørnli. Hun fortalte at hun plukket bær og at hun gikk på beina ned til Ålgård med egg og andre ting som hun byttet i varer fra butikker der. De hadde nok lite å leve av.

Da de hadde bestemt seg for å flytte til Telemark, ble hun med sin far rundt til familien hans for å si adjø. De regnet nok ikke med å se hverandre igjen.

Hennes far kjøpte en liten gard i Gjerpen like utenfor Skien. Han dyrket gulerøtter i den gode myrjorda og solgte dem på torget. Min mor og hennes bror tok seg jobber utenfor hjemmet. Etter bare ett år døde mormor. Hun hadde vært skrøpelig lenge. Nå ble morfar alene, men en søster av min mor ble enke, og da flyttet hun med fire barn hjem til sin far. De hadde nytte og glede av hverandre.



På ein minnestein i Bjødnalio står det at det budde folk til 1907. Andre stader står det 1914?

- Det er ikke noe tvil om når de flyttet. Det var det året 1. verdenskrig brøt ut, altså i 1914.

Og mora di blei verande i Telemark?

- Ja, mor giftet seg med Skiensmannen, Nils Bommen. Han hadde ingen tilknytning til menigheten, men han ble medlem der. De fikk bygget seg et lite hus i Skien, og der vokste vi barna opp. Vi er 8 søsken, og jeg er nest yngst.

Korleis var det å besøke Bjødnalio?

- Det var veldig rart å komme dit. Første gang var i 1969, sammen med tante Ragna. Hun hadde mye å fortelle og det var en sterk opplevelse å være der og tenke på hvordan de hadde det. Jeg har også besøkt slekt på garden på Skadberg i Klepp der min morfar, Ole vokste opp.

forts. ►

ALLEHELGENSPROGRAM

Laurdag 4. november i Time kyrkje
Open kyrkje – stikk innom og få ein kaffikopp...

”Ord og tonar til håp og trøyst”

11.00 – 13.30

Kyrkja og kyrkjetoget har ope, og du er velkomen innom for å få deg ein kopp kaffi og noko å bita i når du besøkjer grava

Skulle du ønskje det, kan du tenne eit lys, vi har og tid til samtale

11.30 -12.30

Program: ”Ord og tonar til håp og trøyst”
 Dikt og skriftlesing ved Leif Andenes
 Orgeltonar ved Per Olav Egeland



Arr. Time diakoniutval

HAUSTFEST

FOR ALLE pluss/minus 60

Bryne kyrkje
Søndag 29.oktober kl 1500

Program:



• Ragna Bjelland kåserer om:
 «Påfyll i kvardagen,
 skjemt og alvor»

• Song av «Sanglerkene»
 • Andakt ved Ivar Johannessen

Allsong, god mat, kaffi og drøs!

Treng du skyss, ring kyrkjekontoret tlf: 51770377

Alle velkomne!

Arr. Bryne diakoniutval

NYTT FLYGEL

Bryne kyrkje er godt eigna til konsertar og kultur-opplevingar. Lenge har me sakna eit konsertflygel, og no er tida inne for å gjera noko!

Sjå meir info på brynekyrkja.no/nyttflygel



Slik deltek du:

1.

VIPPS & VINN!

Vipps kr.500,- /kr.1000,- /kr. 1500,- til
 “Brynekyrkja nytt flygel” #124796 og
 vinn huskonsert med Hilde Selvikvåg!

For kvar kr.500,- som du Vippsar til #124796 får du eit lodd i trekninga av ein eksklusiv konsert med Hilde Selvikvåg heime i stova di!

Kampanjeperioden er 3.september- 3.desember!

2.

BRUK KONTONUMMER

3325.25.00486

Merk innbetalinga “Nytt Flygel - konkurranse” for å delta. For kvar kr.500,- som blir betalt inn i kampanjeperioden får du eit lodd i trekninga.

KONSERT 19.okt kl.19

Lokale artistar stiller gratis på artistdugnad for nytt flygel! Opplev ein heilt unik konsert: Johnny Red and the Prayerhouse People, Hilde Selvikvåg, Hege Bjerk, Unge Spor, dansarar frå Time kulturskule, Inger-Kathrine Kjølleberg, Rita Fotland Bøe, Bjarte Lending, John Josefsen, Leif Andenes og Silje Sandanger.

Billettsalget startar 3 september på www.ticketmaster.no



forts.

DELK er din åndelege heim. Kva betyr det for deg å ha eit kristent livssyn?

- Jeg er veldig takknemlig for at jeg fikk lære Gud å kjenne fra mine første barneår. Jeg er glad for det gode fellesskapet vi har i menigheten, og der har jeg alltid hatt mitt åndelige hjem.

Einar Sæland har i Time historielag si årbok 2014 skrive ein grundig og god artikkel om folket i Bjødnaio og korleis det var å leva der.

Tekst og foto: RT

Knytta til landets eldste lutherske frikyrkjesamfunn

I boka “Fedreav og barnefostring” (Otto Gjerpe 1978) er det fleire sider med omtale av driftearen Fanuel Svendsen Bjørnelien og andre haugevener på Jæren i tida etter 1850. Boka handlar om den rørsla i kristenfolket som førte til landets første lutherske frikyrkje og om denne kyrkja gjennom dei første 100 åra. Kyrkjesamfunnet vart stifta i Vestfold i 1872, og “DELK”, (Det evangelisk-lutherske kirkesamfunn” som namnet vart seinare), er livskraftig fleire stader den dag i dag.

